



GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 2

Juni 2025

76. årgang



Min salme.....	3
Andakt.....	4
Ny sokneprest i Hemsedal .....	5

Årets konfirmantar .....	6-7
Nytt frå Gol, Herad og Hemsedal .....	10
Gudstenestelista / livets gang .....	11

# Fin 17. mai-fest på Gol

TEKST: LUDVIG MUNKEJORD  
FOTO: ANNE MARIE RENSEL

Gjennom mange år har kyrkja, Normisjon og Frelsesarmeen samarbeidd om å arrangere 17. mai fest på Gol. Det vart ein fest med godt oppmøte, der Solveig Villand heldt tale for dagen. Ho var ungdom under krigsåra på Gol og fortalte levende om kvardagen derfrå. Det var ein interessant tale som passa godt inn også då me dette året markerer 80 år med fred i landet vårt. Tusen takk til Solveig og alle andre som bidrog og som møtte fram til eit viktig arrangement på ein viktig dag.



## GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg  
**Eks. tid mån– fre 9.00–15.00**

Tlf: 32 02 90 00  
kyrkja@gol.kommune.no  
www.gol.kyrkja.no

**Kyrkjeverje:**  
**Kjellfred Dekko**  
Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198  
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

**Sokneprest:**  
**Arnstein Bleiktvedt**  
Mobil: 958 28 706 – Fri måndagar  
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

**Diakon:**  
**Martha Frøyland Bleiktvedt**  
Mobil: 476 27 663  
martha.froyland@gol.kommune.no

**Organist:**  
**Justin Vickery**  
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00  
Mobil: 474 75 580  
justin.vickery@gol.kommune.no

**Kyrkjetenarar:**  
**Ludvig Munkejord** Mobil: 911 22 763  
**Torbjørn Østdahl Jensen** Mobil: 950 60 395

**Sekretær**  
**Thorunn Haugo**  
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar  
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar**  
**Britt Marie Haraldset**  
Mobil: 951 22 136  
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Leiar sokneråd og fellesråd:**  
**Kjetil Th. Storebråten** Mobil: 908 21 745

## HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedal kommunehus  
**Eks. tid mån– tor 9.00–15.00**  
Tlf: 47 90 38 33  
post.hemsedal@kyrkja.no  
www.hemsedal.kyrkja.no

**Kyrkjeverje:**  
**Irene Markegård**  
Mobil: 48 20 20 20 • im328@kyrkja.no

**Sokneprest:**  
**Ingrid Finsådal Bakke**  
Mobil: 910 08 109 • Fri måndagar  
if323@kyrkja.no

**Organist:**  
**Hans Jakob Wastvedt**  
Mobil: 478 77 890 • hw954@kyrkja.no

**Sekretær (dåp og vigsel):**  
**Thorunn Haugo**  
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar  
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar:**  
**Britt Marie Haraldset**  
Mobil: 951 22 136  
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Ungdomsarbeidar:**  
**Birgit Solbakken**  
Mobil: 992 57 112 • bm454@kyrkja.no

**Kyrkjetenar:**  
**Wilfried Westera**  
Mobil: 971 09 922 • ww364@kyrkja.no

**Gravplassen Hemsedal:**  
**Hans Vidar Sørensen**  
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

**Leiar sokneråd:**  
**Håvard Venås** Mobil: 908 42 422



## Kyrkjeleg under- visning og læring for barn, unge og familier i kyrkja

Kyrkja tilbyr varierte aktivitetar for alle. Vi ynskjer å tilby aktivitetar som er spennande og som kan gi kjennskap til kristen tru og tradisjon, gjennom leik, bibelforteljing, song og musikk, bøn, konkuransar og mykje anna. Dette er ein del av kyrkja si trusopplæring etter at denne vart teken ut av skulen. Trusopplæring har etter kyrkjemøtet 2024 bytta namn til «Kyrkjeleg undervisning og læring».

Vi ynskjer alle velkommen, uavhengig av livssyn. Ta gjerne kontakt dersom du vil at ditt born skal få invitasjonar i posten, eller registrer deg som trusopplæringsabonnent på kirken.no/minside (tilgjengelig også for dei som ikkje er medlem i den norske kyrkja).

**Britt Marie Haraldset**  
Kyrkjelydspedagog i Gol og  
Hemsedal

Tlf. 95122136 / britt.marie.  
haraldset@gol.kommune.no

## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

**Antall nr.:** 4 nummer i året

**Redaksjon:** Irene Markegård (red.), Ludvig Munkejord, Sølv Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen

**Ekspedisjon:** Kyrkjekontoret, 3550 Gol

**Utgjevar:** Kyrkjene i Gol, Herad og Hemsedal

**E-post:** im328@kyrkja.no

**Bankgiro:** Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

**Vipps:** 591790

**Forsidefoto:** Katarina Wälås

# Min Salme

HALVARD HAUGEN

Halvard Haugen (73) er pensjonert bil-, traktor- og maskinreparatør. Han er enno yrkesaktiv som tilkallingssjåfør på buss. Men han er best kjend som humørfylt trekkspelar og trubadur, mellom anna som frontfigur i dansebandet «Knut Halvards» i 10 år. Han har lenge sunge andretoner i mannskoret «Stjernen», der også salmeutfordringa kom frå fyrstetenoren i koret.

Halvard er oppvaksen som ein av dei nærmeste naboane til Frelsesarméen i Gol, der han som mange andre, fekk «åndeleg påfyll» på sundagsskulen. Ein av kameratane var frå ein djupt religiøs heim, der bedehussongane lydde både tids og ofte når Halvard var på besøk. – *Det er ein som har sete i meg heile tida, fortel han, «Han tek ikkje glansen av livet».*

Seinare vart han også sterkt fascinert då han fekk høre om opphavet til denne songen. Den er knytt til ei kvinne frå Vinje i Telemark, Signe Edland. Ho døydde av kreft i ung alder. Valspråket hennar var alltid «*Jesus tek ikkje glansen av livet*».



Salmediktar Trygve Bjerkheim besøkte henne på dødsleiet. Då han venta på bussen dagen etter, sette han seg i ei bakkehelling. Det var ein vakker vårdag, dagen før 17. mai, med glitrande sol, fuglekwitter og munter barneleik. Då kom inspirasjonen, og han skrev ned den vakre og seinare velkjende songen. – At kjerringa mi kjem frå Telemark, gir også ei viss tilknyting til songen. I tillegg til at eg sjølv har hatt kreft. Som heldigvis har gått bra, smiler han.

## Han tek ikkje glansen av livet

Han tek ikkje glansen av livet,  
Den Frelsar som kallar på deg.  
Først då kan for alvor du leva  
Når han får deg fylgja på veg.

Du høyrer dei därande røyster  
Som lovar deg gullglim og glans,  
Men ingen legg lys over vegen  
Som Jesus og kjærleiken hans.

Han hjelper i brattaste bakkar  
Og stør deg når vegen vert smal.  
Han signar dei sollyse sletter  
Og lyser i dødsskuggens dal.

Han fører deg frelst over fjorden,  
Heilt fram til den himmelske strand.  
Når døden sin brotsjø du møter,  
Vil Jesus dra båten i land.

Han tek ikkje glansen av livet  
Han gyller din morgen og kveld  
Og opnar ei dør til dei salar  
Der æveleg høgtid du held.

TEKST: KJELL SLÅTTEN

FOTO: PRIVAT

## Drop-in bryllup i Hemsedal

Drømmer dere om å gifte dere uten stress og store planer? Hemsedal kyrkje i samarbeid med destinasjon Hemsedal, inviterer til drop-in bryllup på Hemsedal Bygdatun den 23. august 2025. Med fjellene som bakteppe og historiske omgivelser som ramme, kan dere si «ja» til hverandre på en helt unik og enkel måte.

Bygdatunet er et historisk og sjærmerende friluftsmuseum med gamle bygninger fra 1700-tallet og vielsen blir en høytidelig, enkel, vakker og personlig vielse uten stresset som ofte følger med bryllupsplanlegging. Presten vil stå klar på Bygdatunet for å vie dere og gjøre øyeblikket helt spesielt.

Det eneste du må gjøre er å registrere deg på kirkekontoret i Hemsedal og søke om prøvings-/ekteskapsattest hos folkeregisteret. Prøvingsattesten skal leveres inn til kirkekontoret og etter det kan du bare lene deg tilbake og glede deg til den store dagen.

Vi gleder oss til å ønske dere velkommen til en uforglemmelig bryllupsopplevelse.

**Påmeldingsfrist:** 1. juli. Maks 10 par. Mer informasjon finner du på [www.hemsedal.kyrkja.no](http://www.hemsedal.kyrkja.no) eller ved å ta kontakt med kirkekontoret.



## ANDAKT

# Åndeleg berøringsangst

Sommartida sparkast i gang med pinsefeiring. I kyrkja feirar vi Den heilage andes komme i ei høgtid som er langt frå både jul og påske i omfang. Det er ei kjent sak at det i vårt kyrkjelege landskap er ein tendens til å prate lite om treenighetens mystiske del, nemleg Heilaganden. Det vi har vorte flinke til er å prate om Anden som tilstades i kvardagen. I både det vesle og det store. I små og store handlingar. Og kanskje også ein prest eller to dristar seg til å seie at Anden verkar i gudstenesta.

Det er godt og sant. Likevel er det nok slik at vårt samfunns berøringsangst for det åndelege også rammar denne delen av kristen tru.

Eg leste ein artikkel i Vårt Land der tidligare høgrepolitikar Thorbjørn Røe Isaksen meinte kyrkja svikta i sitt oppdrag med at den prata for mykje om politikk. At den svikta ved å ikkje stille den åndelege lengselen i folk. Kanskje har han rett i noko. Den politikken Isaksen pratar om høyrer eg sjeldan frå ein talarstol. Og eg er heller ikkje einig i at vi skal unngå å prate om politikk i kyrkja. For ordet politikk er for tett knytt saman med ordet etikk som vi ikkje kjem vekk ifrå i vår trusutøving. Men kan hende er vi i den norske kyrkja for opptatt av etikk, det håndfaste, og for lite opptatt av det åndelege?

– SOKNEPREST ARNSTEIN BLEIKTVEDT

Det åndelege er ikkje fråverande.

Det er der, midt i gudstenesta kvar einaste sundag. Anden tek bustad i eit nytt dåpsbarn stadig vekk. Den verkar i bøn, ord og sakrament, men vegrar vi oss for å prate om det? Kanskje har vi ikkje eit språk for det? Det er slik at det materielle og det åndelege ikkje kan skiljast frå kvarandre. Du fer ikkje det eine utan det andre. Det gjer det endå viktigare for oss å gje fokus og språk til det åndelege rundt oss for det er også ein del av vår verkelegheit. Takk då for pinsa då vi kan koma inn i eit heilagt, åndeleg rom og spørja, kva har det å si for mitt liv at Den heilage ande har busett seg i meg? Kva har det å si at eg og vi er åndelege vesen? Når vi forhåpentlegvis fer svar på dei spørsmåla kan vi kanskje koma nærmare sannheita om oss sjølve, at vi er Guds born, fødde av vatn og Ande.

## Gol Demenskor med Nokon attåt

Det er allerede femte sesong og femte gang at vi arrangerer konserten. – Hvem skulle trodd at vi fikk oppleve dette da alt startet? Vi er nå et kor med 30 sangere. Ett av kormedlemmene beskriver koret som et sted hvor man kan være seg selv fullt og helt. Jeg håper virkelig at alle i koret opplever dette, og skulle ønske at alle mennesker hadde et sånt sted å gå til.

Entusiasmen og engasjementet er fortsatt der, både innad og utenfor koret. Vi opplever at mange heier på oss. Det er så fint! Øistein fikk med seg flinke dansere fra Gol skule med



på laget denne gangen. Det var eldre og barn som skapte en musikk og en scene sammen. Etter min mening er det vanskelig å finne noe som er vakrere enn det.

Alle de involverte er viktige brikker til å gjøre Demenskoret med Nokon attåt mulig. Uten Øistein Holtmon hadde ikke dette blitt noe av. Heller ikke uten alle de kormedlemmene. Vi retter også en

spesiell takk til alle de frivillige som stiller opp. Det er noen som koker kaffe og smører brødskiver. Det er noen som gjør klart permene, stolene og navneskiltene. Det er noen som kjører og henter kormedlemmene. Tusen takk for innsatsen! Vi gleder oss til ny sesong til høsten!

TEKST: MARTHA F. BLEIKTVEDT  
FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

# Ny sokneprest i Hemsedal

TEKST OG FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

**Ingrid Finsådal Bakke, 35 år.**  
Gift med Håkon • To barn på 2 og snart 4 år • Kjem frå Nissedal i Telemark

**Aktuell:** Ny sokneprest i Hemsedal frå 1. juni

I 2019 traff Ingrid Finsådal Bakke Håkon som kjem frå Hemsedal. Året etter gifta dei seg i Hemsedal kyrkje. Lite visste ho då at ein dag ville ho bli sokneprest i bygda.

Med ektemann frå Hemsedal kjenner Ingrid litt av bygda frå før. Så ho gleder seg til å begynne som prest, og bli enda betre kjend med bygda, folket og kyrkjelyden.

Eg har vel eit romantisk bilde av bygda, seier Ingrid. No får eg sjekka om dette stemmer. Så langt ser det ut til at kyrkjelyden er både engasjert og levande med masse bra folk.

Ho har allereie vore litt i Hemsedal sidan ho var vikar då Arnstein Bleiktvedt og Camilla Osnes i tur og orden var ute i foreldrepermisjon.

Som dotter av ein prest låg det likevel ikkje i korta at ho skulle bli prest. Ingrid starta med eit årsstudium med KRLE. «Eg tenkte at eg skulle gå vidare på realfag sidan eg var glad i matte og fysikk. Men så var teologien så spennande så eg måtte berre fortsette» seier ho. Etter som studiet skreid fram gjekk det gradvis det opp for henne at ho ville bli prest.

Ingrid er glad i friluftsliv og fjellet. Men på mosjonsnivå understrekar ho med eit smil. Ho har allereie funne ein favoritt: Fjelltur til Kvitingatn 1400 m.o.h. i Hemsedal!



## Kva betyr trua for deg personleg?

– Eg kan rett og slett ikkje fungera utan trua mi. Det er ein del av identiteten min. I ungdomstida var det mykje idealisme. No handlar trua om ein trygg base i livet der du kan kvile. Gudsbildet er blitt rausare. Livet i seg sjølv kan vera ein kamp så du treng ein famn og ein retning.

## Kva er viktig i det å være prest?

Eg trur det er å prøve møte menneske der dei er. Og ønsker å vere ein formidlar av ein tru på at vi alltid har ein grunnvoll under oss, og ein himmel over oss uansett kva som skjer i livet. At vi som Gudskapte menneske har verdi rett og slett.

– Eg er glad i folk og synes det er gøy å møte menneske og eg elskar prestetenesta på grunn av breidda, både når det gjeld aldersspennet, og å møte folk i glede og sorg.

## Kva vil du formidle til kyrkjelyden i Hemsedal?

– Mitt mantra er: Du er aldri åleine. I alle livets forhold er Jesus der i lag med oss.

## Du endte opp som prest i Hemsedal før du hadde tenkt?

– Ja, då eg var tilsett som sokneprest i Nesbyen rekna eg med at eg skulle bli der nokre år. Men så vart soknepresten i Hemsdal prost, og brått var stillinga ledig.

## Kva er førstinntrykket av kyrkjelyden når du no veit at du skal bli prest i Hemsedal?

– Det er på ein måte litt nostalгisk, på ein positiv måte, sidan eg vaks opp i ein liknande kyrkjelyd i Nissedal, og eg synes Hemsedal liknar mykje på heimbygda mi, der også bedehuset og kyrkja var tett saman. Innlandsbygdene liknar nok noko på kvarande med lynne og måten å vera på. Hallingen er ikkje så høglytt, men eg kan nok vera noko høglytt, i alle fall i volum, seier Ingrid og ler hjartelege.

## Kvar kjem familien til å bu?

– Me bur på Gol no, men tenkjer at etter kvart så flyttar me til Hemsedal. Men me har ikkje noko hastverk sidan mannen min arbeider på Gol.

## Kva gler du deg mest til i di nye rolle som soknepresten i Hemsedal?

– Å lande, seier Ingrid kontant. Bli kjent med folk og kultur og få eit stabilt liv med trygge forutsigbare rammer.

Intervjuet går mot slutten. Ingrid skal ha andakt på Åpent hus på Gol om ti minutt. Travel og engasjert, men likevel roleg.

Kyrkjebladet ynskjer Ingrid lykke til som ny sokneprest i Hemsedal.



**Konfirmantar i Gol kyrkje:**

**1.r fv:** Vilje Marie Magnetun Haugo, Anne Nærnes Sørbøl, Lise Nærnes Sørbøl, Johanna Solli, Mathea Lundberg Bråten, Oline Flatland, Live Ekse Svang. **2.r fv:** Sander, Thea Solsvik-Arntzen, Aurora Forland, Elmer Bleiktvædt, Emilie Kinneberg, Simen Eidsgaard, Elina Madsen Jorde, Dennis Marthinsen, Lilly Anna Krajewska, Neela Novelii Flindt Haugstad, Mathilde Grotmoll Johansen. **3.r fv:** Markus Granum-Mikkelsen, Andre Haugstad, Heine Storeskar Engebretsgård, Julian Rand-Fagerstrøm, Birk Solbakken Bakken, Jonas Personbråten Møhlenberg, Tristan Maximilian Iveskøld Haugstad, Magnus Aarset Smestad, Olav Svidal.



**Konfirmantar i Herad kyrkje:**

**1.r fv:** Rosalia Kozlowski, Sigrid Larsen Hoftun, Amalie Svensgård. **2.r fv:** Sindre Sato Stavn, Isak Ola Markussen, Martin Embre Stigen. **3.r fv:** Aleksander Larsen Hoftun, Sindre Finnevolden Nordreli.



FOTO: FOTOGRAF MARIT SKREDEGÅRD, GOL

#### Konfirmantar i Hemsedal kyrkje og Lykkja kapell:

**1.r fv:** Josefine Marie Karlsen, Sissel Komba, Amanda Myro, Ebba Underland, Benedikte Myro, Henriette Østlie, Marte Grøndal.

**2.r fv:** Othilie Staksrud Haug, Emil Eskild Hølto, Ariel Larrauri-Sanchez, Eiril Rygg Bekkevold, Augusta Oline Ødegaard Müller,

William Nygaard Gulbrandsen, Nils Milo Anton Jönsson, August Morán Fritzønn, prost Camilla Osnes.

**3.r fv:** Rasmus Lohk, Bjørnar Engene Spildrejorde, Edvin Østlie, Kristoffer Mythe Eitrheim, Jørgen Thorsnes von Tangen, Pontus Lohk.

**4.r fv:** Christian Espelin-Asbjørnsen, Torje Moses Jaiteh Markegård, Malcom John Daniel Lundh-Alman, Syver Rivedal Hjelmen,

Iver Møllerplass, Patrik Germanovic, Iver Øglund Døhl.

# Konfirmant 2025. Ei viktig tid - eit viktig val!

Velkommen som konfirmant i Hemsedal eller Gol og Herad sokn

#### Info og påmelding

Gå inn på [hemsedal.kyrkja.no](http://hemsedal.kyrkja.no) eller [gol.kyrkja.no](http://gol.kyrkja.no) for meir informasjon om konfirmasjon hos oss.

Her finn du også skjema for registrering av konfirmant. Dersom du er usikker på alt som skal fyllast ut, skriv du det du veit og sender inn. Vi ordnar det som manglar ved oppstart.

**Påmeldingsfrist:** 1. september.

**Har du spørsmål så ikkje nøl med å ta kontakt.**

#### Hemsedal

Sokneprest Ingrid Finsådal Bakke  
[if323@kyrkja.no](mailto:if323@kyrkja.no) eller tlf. 910 08 109

#### Gol og Herad

Sokneprest Arnstein Bleiktvedt  
[arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no](mailto:arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no)  
eller tlf. 958 28 706

## Amadeus

Ungdomskvelder på Gol bedehus for deg fra 8. klasse og oppover. En fredag i måneden kl. 20.00-22.00.

### Dataar hausten 2025:

- 29. august
- 19. september
- 17. oktober
- 21. november

Vil du ha SMS i forkant med påminning og informasjon om tema? Spørsmål?

For mer info, ta kontakt med Britt Marie på tlf. 951 22 136

## FAMILIESPRELL

Vi har den glede å invitere familier til FAMILIESPRELL på Gol bedehus en MANDAG i måneden

FAMILIESPRELL er åpent for alle, og barn mellom 1 og 6 år er spesielt velkommen sammen med sin familie! Skolebarn er velkomne til kort samling og hobbykrok.

**Enkel middag kl. 16.30-17.15**  
(pølser/pizzaboller)

Under 2 år gratis /  
Barn 30,- / Over 13 år 50,-

**Samling 17.15-18.00**

- 1. september
- 6. oktober
- 3. november
- 1. desember

Medlemskontingent kr 50,- pr kalenderår.  
(Ikke-medlemmer velkomne)

Spørsmål og kontakt:  
Britt Marie Haraldset  
951 22 136

Arr: Søndagsskolen, Normisjon og Kyrkja i Gol og Herad



## Baby- og småbarnssang

Oppstart torsdag 28. august kl 11.00, deretter kvar torsdag t.o.m. 6. november (ikkje haustferien).

Diplomfest 13. november kl 17.00.

På Frelesesarmeens i Gymnasvegen 3 på Gol. Sang, dans, leik for babyar og litt større småbarn. Felles lunsj.

Påmelding og spørsmål til Britt Marie – 951 22 136

Sjå og facebookgruppa «Baby- og småbarnssang Gol»



## Tur til Piltingsrud gard i Valdres med Åpent hus

Torsdag 21. august

Avreise fra Gol bedehus kl. 10.00

Omvisning og varm lunsj på Piltingsrud gard.

Andaktstund i Begnadalen kirke.

Pris: 450 kr/person

**Påmelding til diakon Martha tlf. 476 27 663 innen onsdag 13. august**

Helsing Åpent hus-komit   
Arr.: Diakoniutvalget i Gol og Herad



## Middag sammen utvides til hver torsdag!

Fra 4. september til 11. desember er det Middag sammen på Gol bedehus hver torsdag kl. 16.30-17.30.

Tilbudet er gratis og åpent for alle. Som tidligere er det mulig å betale den summen man ønsker, på vippes eller kontant. Dagens meny kommer på facebooksiden til kirka.

**Vi trenger flere frivillige som kan lage mat eller ta oppvasken. Kan du tenke deg å hjelpe til?**  
Kontakt Martha - 476 27 663.



## Pilegrimsruta i Gol

I løpet av tidlig sommer blir vedlikeholdsarbeid på pilegrimsruta gjennomført. Pilegrimsruta er en rundtur på 17 km der man passerer både Herad kyrkje, Gol kyrkje og gamle stavkyrkjetomta.

Du kan følge turskilt med pilegrimslogoen på. Håper at mange vil benytte seg av ruta i sommer og høst.

**Velkommen til Pilegrimsgudstjeneste søndag 24. august kl. 11 i Herad kyrkje**

Vi går deler av pilegrimsruta i fellesskap etter gudstjenesten. Den ene ruta (mot Eiklidsida) blir handicapvennlig og tilrettelagt spesielt for barnefamilier. Den andre ruta (mot Hagaskogen) blir lagt opp for voksne med stillhet og b nn i fokus. Ta med niste og drikke.

**Påmelding til Martha 476 27 663 innen onsdag 20. august**



## Orgelkonsert i Hemsedal kyrkje

Philip Crozier fra Montréal i Canada starter sin Europaturne, i Hemsedal kirke 14. juni kl. 19.00.

Det er ikke så ofte Hemsedal får besøk av internasjonalt format, så alle er velkomne til en konsert vi sent vil glemme.

Billett: 100,-

Velkommen!



## Konsert med Marthe Wang

lørdag 6. september kl. 19.00  
i Hemsedal kyrkje.

Billett: 295,-

## Middag for alle

Kyrkjestugu 4. september kl 16.30. Velkommen til å spise middag i fellesskap med andre. Middagen er gratis.

## KULH

Overnatting og kano i Helsinglia 21. juni. 7. klasse er invitert. Se mer info på [hemsedal.kyrkja.no](http://hemsedal.kyrkja.no)

## Ope hus

Kyrkjestugu 2. september kl 11.00. Velkommen til hyggelig samvær og fellesskap rundt matborda, der vi serverer nystekte vafler til kaffe/te.

Det er som vanlig bordkonkurranser, sang og dikt. Denne gangen får vi besøk av Jostein Venås som viser forteller og viser film fra han har laga om gommo Anbjørg sin oppvekst.

Velkommen!



**Begynner du i 3. - 7. klasse?**  
Då kan du bli med på  
**Lys&Liv-festivalen i Hemsedal!**  
Merk deg datoane  
**11.-12. oktober!**

Meir informasjon kommer.



**Årets 6-åringer inviteres til «Førsteklasses» i kyrkja!**  
På gudstjenesten feirer vi skolestarten og deler ut bok til alle barn født i 2019. Samling torsdag 11. september kl. 14.30-16.00 i Hemsedal kyrkje, vi henter de som er på SFO. Gudstjeneste 14. september kl 11.00.

## Sangstund på Kyrkjestugu

17. juni kl 11.00. Velkommen med den stemmen du har – vi synger kjente og kjære salmer og sanger.  
Tirsdag 24. juni er vi med og bidrar til allsangen på andakt på Bygdaheimen.



## Babysang og småbarnstreff

Eit møtepunkt der foreldre og barn kan møtast, for hygge og kos. Kyrkjelydspedagog Britt Marie leier sangen når det er babysang. Familiens hus arrangerer småbarnstreff. Det er babysang og småbarnstreff ca. annakvar veke.

**Vi samlast på Familiens hus på onsdagar:**  
**10.30** start, litt tid for leik og prat  
**11.00** Babysang eller tema  
**11.30** Lunsj og leik **12.30** slutt

Det blir servert enkel lunsj, kaffe og te. Velkommen!



Normisjon ynskjer velkommen til desse arrangementa på Kyrkjestugu:

**Sundagsmøte 15. juni**  
kl. 19.00 på Kyrkjestugu. Tale av Vigdis Moen Storhaug over temaet: «Å tru når det buttar.»

**Sundagsmøte 17. august**

kl. 19.00 på Kyrkjestugu.  
Tale av Arne Magnus Smørvik.

Kaffi med lite attåt.

Velkommen!



# Nytt frå Gol og Herad kyrkje

TEKST OG FOTO: KJELLFRED DEKKO  
KYRKJEVERJE

## Taket på Gol kyrkje blir skifta ut

Stillaset er på plass, og arbeidsfolka tek ned gammal skifer. Deretter blir det undertak og opplektning før ny (brukt) Vossaskifer blir lagt på. Me vonar at arbeidet blir ferdig i juli, men stillaset blir truleg ståande til i august. Det blir bygd sikringstak over inngangane, og kyrkja kan brukast til gudstenester, gravferder og vigslar i byggeperioden.



## Arne Lie med ny bok

Tidlegare sokneprest Arne Lie har nyleg gitt ut si andre bok, "Om Velsigning Godheit og Rettferd". Han kallar den ei oppbyggjelag temabok. I 2022 debuterte han med "Berekraftig tru". Boka kan kjøpast mellom anna på bibelbutikken.



## Har du lyst til å være med i Gol Minigospel?

Vi starter opp et barnekor til høsten! Øving hver torsdag med tilbud om enkel middag i forkant. Koret vil etter hvert delta i gudstenester og konserter.



**Oppstart:** 4. september kl. 17.30-18.00 (middag kl. 16.30-17.30)

**Aldersgruppe:** 4 - 7 år (kull 21 - 1. klasse)

**Sted:** Gol bedehus

**Korledere:** Sandra Erstad Storebråten og Britt Marie Haraldset

**Spørsmål?** Ring Sandra 957 20 323 eller Britt Marie 951 22 136

*Har du lyst til å gi en gave til arbeidet? Vipps 517300, merk med Minigospel.  
Logoen til koret er tegnet av Sunniva Bleiktvedt.*

## Sandra er ansatt som korleder i Gol og Herad sokn

Sandra har selv gått i kor siden hun var liten og har mange gode minner fra tiden i barnekor. Nå håper hun å kunne videreforsmide sangglede i Gol minigospel.

I tillegg til å være grunnskolelærer har Sandra utdanning fra Bårdar Akademiet samt mange års erfaring som utøvende sanger. Nå er hun lærer på Gol skule der hun blant annet underviser i musikk.



# Nytt frå Hemsedal kyrkje

TEKST OG FOTO: IRENE MARKEGÅRD, KYRKJEVERJE

Det er som vanlig mye aktivitet og mange prosjekter i gang. I år lander mye av det soknerådet har jobbet med over tid, og det er fint å se. Sllokkeanlegg til Hemsedal kyrkje er lagt ut på anbud og her ligger det an til at arbeid begynner i august/september. Det vil også komme nye benkevarmere i løpet av høsten. Det som kanskje er mest gledelig er at Lykkja kapell får en lenge fortjent oppgradering. I skrivende stund bygges installeres forbrenningstoalett i et nytt toalettrom i våpenhuset. Det blir en stor forbedring. Uthuset måtte rives, da det var for mye råte til å reparere. Det som også vil komme i Lykkja er rullestolrampe, noe som har vært savnet lenge.



Oppussing av Kyrkjestugu er ferdig og det er hyggelig med så mange gode tilbakemeldinger her.

Staben vil fra høsten være fulltallig når ny sokneprest Ingrid Finsådal Bakke og diakonimedarbeider Sissel Rudningen er på plass. Vi gleder oss til en spennende høst.

# GUDSTENESTELISTA

## 15. JUNI

Treeiningsdag

GOL KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste

## 22. JUNI

2. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 18.00  
Kveldsgudsteneste

HEMSEDAL STAVKYRKJETOMT  
KL. 11.00  
Skaparverksgudsteneste

## 2. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00  
Musikkandakt

## 6. JULI

4. sundag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste

## 9. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00  
Musikkandakt

## 13. JULI

5. sundag i treeiningstida

OSET KAPELL KL. 11.00  
Gudsteneste

LYKKJA KAPELL KL. 11.00  
Frelsesarmeemøte

## 16. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00  
Musikkandakt

## 20. JULI

6. sundag i treeiningstida

LYKKJA KAPELL KL. 19.00  
Gudsteneste

## 23. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00  
Musikkandakt

## 27. JULI

GOL STAVKYRKJETOMT KL. 11.00  
Skaparverkgudsteneste, kaffi på museet

OSET KAPELL KL. 16.00  
Olsokmesse

## 30. JULI

GOL STAVKYRKJE KL. 20.00  
Musikkandakt

## 3. AUGUST

8. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste

LYKKJA KAPELL KL. 11.00  
NMS Misjonsmøte

## 10. AUGUST

HUSOSTØLEN KL. 11.00  
Stølsmesse med kyrkjekaffi.  
Kongevegen 416. Ta med stol.  
Det er ca 100 meter å gå fra parkeringa.  
For de som trenger skyss helt fram er det  
felles skyss kl. 10.40 fra parkeringa.

## 17. AUGUST

10. sundag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste, 50 års konfirmantar

## 24. AUGUST

11. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00  
Pilegrimsgudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste, 50-årskonfirmantar

## 7. SEPTEMBER

13. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL. 17.00  
Konfirmantpresentasjon

HEMSEDAL KYRKJESTUGU  
KL. 17.00  
Møtepunkt. Mat fra kl 16.00

GOL KYRKJE KL. 19.00  
Konfirmantpresentasjon

## 14. SEPTEMBER

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00  
Førsteklassesgudsteneste

# LIVETS GANG

## DØYPTE

### GOL KYRKJE

Tobias Granum Jegleim  
Rakel Anderdal  
Kasper Hagen Nipen  
Oliver Nyborg Haugen  
Hermine Nybakken

### HERAD KYRKJE:

Sigurd Skulason-Skaret  
Aria Røs Skarpås  
Vilde Gautepllass-Løstegård

### HEMSEDAL KYRKJE:

Levor Haugen Mythe

## VIGDE

### OSET KAPELL

Tone Lundteppen og Jan Terje Johansen

### HUSO

Ada Molne Rosenberg og  
Carl Martin Rosenberg  
Sissel Utsi og Jørgen Hellen

### HERAD KYRKJE

Lill-Ann Bjørnholt og Olav Halden

### HEMSEDAL KYRKJE

Mona Tveitehaug og  
Øyvind Legar Grønning

## DØDE

### GOL KYRKJE

Ove Asbjørn Midtgård f.1939  
Gunnar Østro f.1941  
Guro Lien f.1943  
Bjørg Lise Robstad f.1942

### HERAD KYRKJE

Gerd Kirsten Leikanger f.1929  
Åsta Brenno f.1928  
Ove Brenn f.1929

### HEMSEDAL KYRKJE

Syver Engene f.1939  
Marit Karine Berg f.1942  
Margit Embre f.1940  
Bjørg Sandem Grøthe f.1942

## GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS  
Bente Andreassen  
Vakt tlf. 480 234 77 - [www.golbb.no](http://www.golbb.no)

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ  
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen  
Vakt tlf: 97 41 41 00


JØLSTAD - HALLINGDAL  
GRAVFERDSBYRÅ AS  
Vakt tlf: 32 08 23 00  
[www.hallingdalgravferd.no](http://www.hallingdalgravferd.no)



# Barnas

36 • 1

35 • \_\_\_\_\_ • 2



## PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

## FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



## KRYSSENDOKTOR

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

1.	<input type="text"/>	<input type="text"/>
2.	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Mann i Lukas 5,27	3.	<input type="text"/>
Dei som skapar fred i Matteus 5,9	4.	<input type="text"/>
Gåve i Matteus 2,11	5.	<input type="text"/>
Landområde i Apostelgjerningane 21,2	6.	<input type="text"/>
Himmelretning i Matteus 8,11	7.	<input type="text"/>
	8.	<input type="text"/>

Du finn Bibelen på internett også! Sjå [bibel.no](http://bibel.no)

Dyr i Johannes openberring 4,7

Salte dropar i 2. Korintarbrev 2,4

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



– Doktor, eg trur eg treng briller.  
– Det trur eg på!  
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

## Vitsar

Kvifor har reven pels?  
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



Søndagsskolen – mer enn du tror